

# TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET | OSLO  
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 4

2018

ÅRGANG 33

## Alfred Maurstad

sin musikk lansert på CD og vert presentert av

**Håvard Svendsrud og Arne Sølvsberg m.fl.**

på Nasjonalbiblioteket

**onsdag 7. november 2018**

**kl. 19–21.** (sjå side 11)



FOTO: Inge Fernø ©




FOTO: Fagbokforlaget ©

## Matias Orheim- messe

Maridalen kirke

**søndag 18. november 2018**

Messe med salmer av *Matias Orheim*, forkynnar og folkemusikar, og nynorsk liturgi **kl. 11.15**

**Kyrkjekaffi** der *Alv Reidar Dale* fortel litt om nordfjordingen Matias Orheim som salmediktar, spelemann og omreisande forkynnar. Og det vert servert Nordfjordlæse og gombe!

Maridalen menighet

# *Leiaren* – haust med mange vellukka tilskipingar

## *Gode medlemmar!*

Laget har hatt fleire samkomer i haust, som det står om i denne avisa, og i tillegg var fleire på Det Norske Teatret og såg *Peer Gynt* med Toralv Maurstad. Vi har òg med minneord om *Kjell Myklebust*, i si tid aktiv i Sunnfjordlaget.

**Det vart ingen klubbefest i år**, slik det i mange år har vore tradisjon den første laurdagen i november. Vi heldt tradisjonen i hevd slik at vi på tre etterfølgjande festar fekk markert at det dei åra var 100 år sidan skipingane av Sogne-, Nordfjord- og Sunnfjordlaget. Så vart det ein fest til.

Det har vore mange vellukka festar, med god mat og framifrå program og dansemusikk, og folk har fått høve til å hygge seg. Dei siste 20 åra er det først og fremst *Anny Sollid* og *Alv Reidar Dale* som har vore fremst i å dra lasset, med god hjelp av bl.a. ein stabil kjøkegjeng med *Dagfinn Aa* i spissen.

Etter diskusjonar på årsmøtet og vurderingar i styret etterpå kom vi til at ein så stor fest med så mykje arbeid og høge kostnader ikkje lenger er det mest føremålstenlege for laget å drive med. Det spela også inn at mange av medlemmane våre ikkje brukte å gå på festen.

Vi skulle gjerne halde tradisjonen i hevd endå lenger og fått med oss festnummer eitt hundre, men fann ut at det no, etter den nittiande festen, var eit høveleg tidspunkt å gje seg.

I tillegg til Ringen, som har jamn og god aktivitet, satsar vi no på mindre tilskipingar, som teaterturar og dei etterkvart tradisjonsrike samkomene på dei to flotte hyttene våre i Marka. Og vi marknadsfører andre sine arr. som er aktuelle for oss frå fylket, sjå s. 3 og 11.

Sidan dette vert den siste avisa i 2018, nyttar eg høvet til å takke for dette året, ønskjer god jul og velkommen i det nye.

Helsing *Agnar Kvellestad*, leiar

---


## *Årsmøtet 2019* i Sogn og Fjordanelaget

Årsmøtet i Sogn og Fjordanelaget i Oslo 2019 vert **torsdag 14. februar kl. 19.00**. Faste saker til handsaming er årsmelding og rekneskap for 2018, medlemspengar for 2020, og planar og budsjett for 2019, val av tillitsfolk og av utsendingar til årsmøta i BLS og i Det Norske Teatret.

Dersom nokon har andre saker som ein vil ha opp på årsmøtet, må desse meldast til styret i laget **seinast 16. januar 2019**, anten i e-post til styreleiaren, i brev til Sogn og Fjordanelaget i Oslo Nordahl Bruns gate 22, 0165 Oslo, el. laget si postkasse i Nordahl Bruns g 22.

# Matias Orheim-messe

Maridalen kirke **søndag 18. november** 2018



\* Kjende songar og salmer av Matias Orheim:

- *Eg har ei teneste stor for Gud*
- *Kom frelsar, kom inn*
- *Kor mykje stort, kor mykje gildt*
- *Kvardagskristen vil eg vera*
- *Ved Jesu føter ei stille stund*
- *Å, var eg meir deg Jesus lik*

Orheim skreiv kring 1000 dikt og songar og heldt om lag 35 000 talar.

Messe med salmer av *Matias Orheim*, forkynnar og folkemusikar, og nynorsk liturgi i Maridalen kirke **kl. 11.15** (51-bussen korresp.)

- Matias Orheim (1884–1958) var lekpreikar og musikar – spela på fele **og glas!** Og han skreiv svært mange kjende og kjære songar og salmer.\*
- Sokneprest Ketil Rosnes og organist Yngve Kjosås - Dåp og nattverd

**Kyrkjekaffi** der *Alv Reidar Dale* fortel litt om nordfjordingen Matias Orheim som salmediktar, spelemann og omreisande forkynnar. Og det vert servert Nordfjordlelse og gombe! Vert ver og føre til det, går me tur til Sinober og Sunnfjordhytta etterpå.

Maridalen menighet

**Siste:** *Petter Eide* er nyleg død. Minneord i neste nr. av Tre Fjorðar.

# Utebord og benker av DUKA på Nordfjordhytta 6. oktober



ALLE FOTO: Alv Reidar Dale ©

**Storhending på Nordfjordhytta første helga i oktober. I tillegg til det tradisjonelle osteselskapet vart nytt utebord og benker avduka og innvigd.**

Anny og Alv Reidar frå styret i laget stod for den offisielle markeringa. Som nestleiar i laget fekk Anny æra av å knyte opp sløyfa. Bordkonstruktørane/-snekkarane, Oddvar og Dagfinn, hjalp til med avdukinga. Dermed kunne vidunderet betraktast. Beundring, skryt og lovord sat laust – bord og benker stod fast.



**Presenningen er på, spenninga var stor, og Anny hadde det ærefulle oppdraget med å løyse sløyfa då det handlaga utebordet med benker, saga og snikra i gran or eigen skog, vart avduka på Nordfjordhytta 6. oktober.**



Bordet vart innvigt med lefse og Nordfjord-gombe som Anny og Alv Reidar varta opp med. Ikkje nok med det: Som takk for arbeidet med bordet fekk Oddvar



og Dagfinn overrekk kvar sin Vikafjell-gensar. Med nye gensarar vart dei to strame karane endå stramare...

Dei gav uttrykk for at det hadde vore eit interessant og lærerikt prosjekt, der løysingane gjerne vart til på veggen.

Kvelden heldt fram med osteselskap. Ni personar hadde ein svært triveleg kveld med masse god ost og noko godt



i glaset. Sjøen sat laust, slik den oftast gjer i godt selskap. Dei fleste overnatta og fekk med seg lang frukost søndag. Veret viste seg frå si finaste haustside både laurdag og søndag. Flotte haustfargar. Takk for ei fin helg!

*Dagfinn*


**Meir om bordet** på nett:

<http://sognogfjordaneringen.no/oste-party-pa-nordfjordhytta-6-okt-2018/>



# Smalahovehelg og *hytteskilting* på Pustut 20.–21. oktober

Det vart den best besøkte smalahovehelga på Sunnfjordhytta på årevis. Med svidne og røykte smalahove, poteter og kålrot. Og skilting...



TEKST: Alv Reidar Dale

Nordfjordhytta fekk hytteskilt for eit par år sidan, no var det Sunnfjordhytta sin tur til å bli skilta. Også det skiltet har tusenkunstnaren **Jens Brekke** i Vik laga. Og ein annan sogning, rett nok halvt sunnfjording, Alv Reidar Dale, hadde æra av å rekkja det over til leiaren i hyttestyret, **Agnar Hegrenes**.

Så frå kl. sju sessa folk seg til bords, 15 stykke i talet, og gaffla innpå med hove, pote og nepe (kålrot) så det glinsa og skein både i augo og frå fingrane...



FOTO: Tone Eid ©



FOTO: Tone Eid ©

**Han Birger (Underdal)** hadde skaffa hovi frå **Ivar Løne** på Voss og hadde god hjelp av **Agnar Hegrenes** og **Jermund Holstad** (t.h.) med å koka og bera på bordet til svoltne gjester.





Du veit, smalahove skal etast for hand – det er vel det fint folk kal-lar finger-mat – og helst litt i myrkni; då smakar dei best og du får i deg mest... "Smaklig måltid", som svensken seier.



I år var det to fullsette langbord med smalahove og andre gode hove, eitt i veslestova (matstova – no i opa løysing med kjøkenet) og eitt i peisestova. Og folk åt...





Etter etinga helsa *Tone Eid*, ei av dei mest trufaste i ringen og laget, frå seg og ringen med nokre foto frå samkomer på hytta og eit stort bilete av flokken som var på Sognatur med ringen fyrste helga i septem-ber i fjor.

den frøkne sine føter på Vangsnes (Framnes i si tid). Agnar Hegrenes tok imot på vegner av hytta og hyttestyret.

Han og hytta fekk også ei bok om Lillomarka, skriven og signert av ein markakjennar, *Helge Haakenstad*.

Så bar det til bords att med kaffi og kaker, kringle og kling og konfekt... I alt ein kveld med mykje god mat og gild prat.

Dei fleste hadde seg heim kring midnatt, men nokre overnatta og fekk skilta hytta neste dag, før dei rydda, vaska og gav seg på heimveg etter ei makelaust fin smalahovehelg.



Det biletet var teke ved Fridtjov



# *Kjell Myklebust* til minne

FOTO: Fjordbladet ©



**Kjell Myklebust** døydde i slutten av mai etter mange års sjukdom.

Kjell Myklebust var fødd i Jølster i 1935. Han kom med i Sunnfjordlaget rundt 1960. Årsmøtet hausten 1961 valde Kjell til nestleiar i styret, og han overtok som fungerande leiar i 1962. Han vart vald til leiar hausten 1962. Sjølv om han ikkje tok attval ved årsmøtet hausten 1963, heldt han fram i styret to år til. Seinare var han revisor i fleire år.

I tillegg tok han på seg viktige oppdrag for Sunnfjordlaget. Såleis leia han festnemnda ved 50-årsjubileet i 1966 og var med i nemnda ved 60-årsjubileet i 1976.

Kjell var ein av initiativtakarane då Sunnfjordlaget oppretta veterangruppe i 1979. Han vart vald inn i veterannemnda og var med i nemnda heilt til Sunnfjordlaget gjekk inn Sogn og Fjordanelaget i 1987.

Kjell heldt fram med tilsvarande aktivitet i det nye laget, og han var med i Tur- og aktivitetsnemnda då han vart alvorleg sjuk i 2003. Han hadde eit sterkt ønskje om å få med nye medlemmar og å halde på dei eldre medlemmane.

Han var ein pådrivar for å få til nye og annleis aktivitetar som kunne høve for både eldre og yngre medlemmar. Det kunne vere å gå ut for å ete og prate, gjerne ein stad der det var høve til ein dans eller fleire, turar, teater- og kinobesøk, kunstutstillingar og liknande. Interesse for dette var ikkje alltid like stor mellom

medlemmane, men han hadde ofte nye idear for å få opp interessa.

Sunnfjordlaget kjøpte og pussa opp Pustut i den tida Kjell var med i styret. Dette var ein glansperiode i Sunnfjordlaget. Både ved 25-årsmarkeringa for hytta i 1987 og ved 40-årsmarkeringa i 2002 var han ein sentral person i tilskipingane. Han kunne fortelje levande og interessant om hyttekjøpet og alt arbeidet etterpå.

Kjell Myklebust var ein sann ven av Sunnfjordlaget og Sogn og Fjordanelaget. Laga har mykje å takke han for.



FOTO: Fjordbladet ©

# Litt fra *Nordlek 2018* i Falun


«Nordleik», Folkedansens storstevne, blir arrangert hvert tredje år, vekselvis i Sverige, Finland, Norge og Danmark og med gjester fra Færøyene, Island, Grønland, USA og Australia.

Alix Codray, Aud Westavik (i m.), Signe Dale og Stein Krohn, Olav Kvam og Tone Eid (fotogr.) var på Nordlek i Falun 2018.



FOTO: Tone Eid ©

«Nordlek 2018» ble arrangert i Falun i Sverige fra 10. til 15. juli med ca. 2500 deltagere i det store idretts- og skolemiljøet rett ved de to store hoppbakkene.



sakelig folkedans og folke- musikk fra alle landene fra morgen til kveld i fem hele dager i strålende vær.

I mange saler lærer alle landene bort sine folkedanser med flinke instruktører,

da går samdansens lett. Du kan velge utflukter, alle land har noen severdigheter de vil vise fram, slik også i Sverige.

Jeg har vært med på 8 Nordleik og synes det er en flott opplevelse hver gang.

«Nordleik 2021» Tampere (Tammerfors) i Finland.



Et flott Nordleik med mange aktiviteter, hoved-

*Hilsen Tone*

# Alfred Maurstad

sin musikk lansert på CD og vert presentert av

**Håvard Svendsrud og Arne Sølvsberg m.fl.**

på Nasjonalbiblioteket (Solli plass)

**onsdag 7. november<sup>2018</sup> kl. 19–21.**



To av våre beste spelemenn, **Håvard Svendsrud** på trekkspel/akkordion – og **Arne Sølvsberg** på hardingfeler, tek for seg den rykande ferske dobbelt-CDen med musikk og spel etter **Alfred Maurstad!** I ein konsert med både gode historier frå Maurstad sitt rike spelemannsliv og smakebitar frå spelet og musikken hans.

Bill. kostar **berre 100 kr** (i døra).

---

**Arr.:** Plateselskapet Aksent



---

---

## STYRET

**Leiar:** Agnar Kvellestad 22 49 45 96 (p) - 90 53 36 96  
agnar.kvellestad krøllalfa nmbu.no

**Kasserar:** Hilmar Nummedal 92 06 72 63  
hilmarnum krøllalfa outlook.com

## PRESSE & PR

**Leiar:** Alv Reidar Dale 97 82 62 48(p) - 22 85 63 48 (a)  
a.r.e.dale krøllalfa uniform.uio.no

## HYTTESTYRET

**Leiar:** Agnar Hegrenes 92 49 64 38  
agnar.hegrenes krøllalfa nibio.no

**Kontakt Sunnfjordhytta:** 21 92 02 05 (p) - 91 55 10 58 (a)  
Andor Gjelsvik  
andorgj krøllalfa frisurf.no

**Kontakt Nordfjordhytta:** 45 00 49 33  
Dagfinn Aa  
aa12 krøllalfa online.no

## SOGN OG FJORDANDERINGEN

**Nestleiar:** Finn Stafnes 90 82 12 27  
Fi-stafs krøllalfa online.no

---

Sendar: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**  
**Nordahl Brunsgate 22**  
**0165 Oslo**

---